

Fra: <HYPERLINK "mailto:espen.lofthus@multiconsult.no"espen.lofthus@multiconsult.no>
Dato: 18. februar 2016 kl. 11.51.23 CET
Til: <HYPERLINK "mailto:daglegleiar@radoysokn.no"daglegleiar@radoysokn.no>
Kopi: <HYPERLINK "mailto:aase.lyslo.doessland@multiconsult.no"aase.lyslo.doessland@multiconsult.no>
Emne: 615793_Manger kyrkja_Innmåling 17.02.2016

Hei, Audun!

Vedlagt ligg ei skisse over kyrkja. I den har eg plotta inn målingar frå Akasia og frå oss, samt differansen mellom målingane me hadde i fjor mot målingar i år.

Differansen mellom Akasia og våre målingar har eg ikkje ført på då desse målingane er utført med eit anna utstyr, og eg veit ikkje kor/korleis dei har målt.

Eg har utført målingane med same loddlasar som vart brukt i fjor, og eg har gjort oppmålingane med tilnærma same plassering som Torstein i fjor. Det er likevel fleire kjelder som kan gje noko forskjellige målingar. Under har eg lista dei opp, og ein kan anta ein ulikhet på enkeltmålingar på ± 10 mm.

Feilkjelder:

- Dei fleste av søylene er vridde, og måling i senter søyle kan variere veldig frå kant på søyle.
- Dimensjonen på søylene kan variere frå botn til topp
- Prikken/loddlinja på laseren er ca. 3-4 mm i diameter/breidde.
- Ulike bevegelser i bygget frå blant anna vind.

Konklusjon:

Ein kan sjå at enkeltmålingane variere noko, men alle utanom ei måling viser ei auke i loddavviket frå i fjor til i år. Aukinga varierer mellom 5-16mm, og tendensen er klar på at kyrkja har bevegde seg. Om ein tar eit gjennomsnitt ser ein at kyrkja har bevegde seg om lag 10mm.

Med vennleg helsing

ESPEN LOFTHUS
Bygg & Industri. Konstruksjoner

(+47) 55 62 37 65 / 91 54 78 21 | HYPERLINK
"mailto:espen.lofthus@multiconsult.no"espen.lofthus@multiconsult.no
HYPERLINK "http://www.multiconsult.no/"www.multiconsult.no